

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Margreta Hauge Clementsen
Arkivsaksnr.: 17/3276 - 5

Arkiv: G20 &85

Planlagt behandling:

Hovudutval for helse og velferd
Kommunestyret

JÆREN ØYEBLIKKELIG HJELP - VERTSKOMMUNESAMARBEID

Bakgrunn for saka:

Rådmannen legg fram avtale om vertskommunesamarbeid for drift av Jæren øyeblikkelig hjelp til godkjenning. Avtalen skal og godkjennast av kommunestyra i Sandnes, Time og Gjesdal kommunar.

Kommunalt heildøgntilbod for øyeblikkelig hjelp vart oppretta hausten 2013 i samarbeid med Sandnes, Time og Gjesdal kommunar.

Kommunestyret behandla avtale om vertskommunesamarbeid i sak 6/13. I same sak stod og at «*tiltaket er planlagt samlokalisert med ny legevakt i Sandnes frå 2016. Sandnes kommune vil da overta ansvaret som vertskommune*».

I og med at Sandnes overtok som vertskommune i april 2017, må ny avtale vedtas.

Jæren øyeblikkelig hjelp

Jæren øyeblikkelig hjelp er lokalisert i nye lokale på Stangeland, og ligg i same bygg som legevakta. Avdelinga har 12 sengeplasser, og dei skal vera tilgjengelege for kommunane sine innbyggjarar døgnet rundt. Det er til saman 17 pasientrom i avdelinga, der eit rom er gjort om til eige røntgenrom. Røntgenapparat er nyleg kjøpt inn, og vert drifta av radiografar frå Sandnes røntgen to timar, to dagar i veka etter tilvising frå lege. Avdelinga har fire smitterom. Dersom ein treng å utvida tilbodet er det høve til det, men pr i dag er det bemanning til dei 12 sengene som er i bruk.

Målgruppa er pasientar med kjent sjukdom som ved forverring kan få behandling som er avtala på førehand, og der allmenntilstanden tilseier at eit slikt tilbod kan vera like godt, eller betre enn innlegging i sjukehus. Frå 1. juni 2017 har Jæren øyeblikkelig hjelp ei seng som er berekna til pasientar innan rus og psykiatri etter eigne retningslinjer. Det har til nå vore 19 innleggingar i denne senga.

Samla belegg for heile 2014 til og med 20.12.2017 er som følgande:

- 2014: 52 %
- 2015: 58 %
- 2016: 58 %
- 2017: 62 %

Sengene er fordelt på kvar kommune etter innbyggartal: Sandnes 7,2 seng, Klepp 1,8 seng, Time 1,8 seng og Gjesdal 1,2 seng. Bruk av sengene vert i praksis fordelt fleksibelt.

Om samarbeid

Samarbeidet er organisert etter ein vertskommunemodell, og til grunn for samarbeidet må det føreliggja ein avtale. Kommunestyret må godkjenna avtalen etter kommunelova § 28, 1e.

Fram til 2016 ga Staten eit øymerka tilskot til kommunale øyeblikkelig hjelp plasser. Tilskotet er nå innarbeida i rameoverføring frå Staten. Vertskommunen utarbeider eit budsjett som dei deltakande kommunane godkjenner for sin del til Sandnes. Eventuelt mindreforbruk

kan settast på fond avgrensa oppover til 10 % av driftsrama. Overstig fondet denne summen skal det overskytande fordelast på deltakarkommunane. Meirforbruk skal dekkast av deltakarkommunane.

Bruk av fond skal godkjennast av rådmennene i samarbeidskommunane.

Forsand kommune har ikkje eigne øyeblikkelig hjelp senger. Forsand har samarbeida med Strand kommune om plasser. Denne avtalen er avslutta og kommunestyret i Forsand har vedteke å kjøpa plasser i Jæren øyeblikkelig hjelp tilsvarande 0,14 seng i påvente av kommunesamanslåing. Sal av plass til Forsand er drøfta med samarbeidskommunane i arbeidsutvalet i september 2017. Ingen hadde motførestillingar mot sal av plass til Forsand.

Særavtale med Helse Stavanger HF

Sandnes som vertskommune fornya samarbeidsavtalen med Helse Stavanger HF sommaren 2017. I denne avtalen vart kommunen si plikt om å gi eit øyeblikkelig hjelp tilbod innan psykisk helse og rus teke inn.

Vedlegg:

- Avtale om vertskommunesamarbeid
- Tidlegare samarbeidsavtale – Klepp
- Signert særavtale til delavtale 4 – Jæren øyeblikkelig hjelp mellom samarbeidskommunane og Helse Stavanger HF

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for helse og velferd og kommunestyret med slik tilråding:

Avtale om vertskommunesamarbeid for drift av Jæren øyeblikkelig hjelp vert vedtatt.

Rådmannen i Klepp 10.04.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.